

## Grensejustering – Liabygda

### VEDLEGG

1. a) Faktainformasjon frå Fylkesmannen, b) innlegg frå representantar frå Liabygda
2. Sjekkliste
3. Supplering av fakta frå Stordal kommune
4. Resultat frå spørjeundersøking
5. Høyringsuttale frå Stranda kommune
6. Høyringsuttale frå fellesnemnda i nye Fjord kommune
7. Høyringsuttale frå Stordal kommune
8. Høyringsuttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesutvalet
9. Høyringsuttale frå KArtverket


Vedlegg 1  
a



**FYLKESMANNEN  
I MØRE OG ROMSDAL**

2017

# Grensejustering i Stranda kommune



[fmmrvive@fylkesmannen.no](mailto:fmmrvive@fylkesmannen.no)

Møre og Romsdal Fylkeskommune

22.11.2017

# Innhald

1	Moglege grensejusteringar i Møre og Romsdal .....	3
1.1	Grunnkrens Liabygda.....	3
1.2	Grunnkrensane Bjørke og Viddalen.....	3
1.3	Grunnkrensane Dalsbygda, Eide, Rønneberg og Ytterdal .....	3
1.4	Grunnkrensane Orten, Sandøy og Ona/Husøy.....	3
1.5	Grunnkrensane Øye/Heggem, Fagerli, Flemma og Angvik.....	3
2	Tenestetilbod og anna informasjon frå Møre og Romsdal fylkeskommune .....	4
2.1	Plan- og analyse.....	4
2.2	Utdanning.....	4
2.3	Tannhelse .....	4
2.4	Samferdsel.....	4
2.4.1	Veg.....	4
2.4.2	Kollektivtrafikk.....	4
2.4.3	Skoleskyss .....	4
2.4.4	Drosje.....	4
2.4.5	Tilrettelagt transport for funksjonshemma (TT-ordninga).....	4
2.5	Regional- og næringsavdelinga .....	5
2.5.1	Kommunale næringsfond og hoppid.no.....	5
2.5.2	Distriktsområde .....	5
2.5.3	Vassforvaltning .....	5
2.5.4	Akvakultur .....	5
2.6	Kultur.....	5
2.6.1	Kulturvernseksjonen.....	5
2.6.2	Seksjon Folkehelse og fysisk aktivitet.....	5
2.6.3	Kulturformidlingsseksjonen.....	5
2.6.4	Fylkesbiblioteket.....	5
3	Innbyggartal, demografi, sysselsetting og arbeidspendling i grunnkretsen Liabygda .....	6
3.1	Innbyggartal og demografi .....	6
3.1.1	Folketal, samla og etter aldersgrupper .....	6
3.1.2	Elevar i vidaregåande skole, skoleåret 2016/2017.....	6
3.1.3	Flytting samla i 2015 og 2016.....	7
3.2	Sysselsetting og arbeidspendling .....	8
4	Kart .....	9

# Forord

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) har på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) blitt bedt om å utgreie ei grensejustering i Stranda kommune. Dette gjeld grenda Liabygda til ei evt. overflytting til nye Fjord kommune. KMD ber Fylkesmannen om å gjere greie for konsekvensar av ei slik grensejustering. Utgreiingane skal gi opplysningar om relevante forhold som folketal, areal, geografi, kommunikasjonsforhold, pendling, utbyggingsmønster og det kommunale tenestetilbodet.

Kommunane og andre offentlege etatar skal så raskt som mogleg skaffe til veie det relevante informasjonsgrunnlaget til utgreiinga når fylkesmannen ber om det, jf. inndelingsloven § 9.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har bedt Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK) om informasjon i forbindelse med utgreiinga av grensejusteringa. I høve faktagrunnlaget på noverande tidspunkt er det i all hovudsak MRFK som har gitt oss informasjonen.

I dette faktagrunnlaget er det samla inn oppdatert informasjon i høve til:

- Innbyggartal og demografi
  - Folketal totalt og i grunnkrins(ane) som blir overført
  - Befolkning fordelt på alder
- Sysselsetting og arbeidspendling
  - Arbeidsplassar i det aktuelle området
  - Pendling for innbyggjarar i det aktuelle området
- Tenestetilbod
  - Endringar i tilgang til kommunale tenester for innbyggjarar ved overflytting til ny kommune
  - Fylkeskommunale tilbod – bruk i dag og ved grensejustering
- Anna
  - Planar for området etter plan- og bygningslova som gjeld utbygging av næring og bustader
  - Utbyggingsmønster

MRFK har i tillegg utarbeid kart som syner grensejusteringa. Kartverket har i denne omgangen ikkje delteke i kartillustrasjonane.

MRFK peikar på at særleg dei kvalitative innspela må sjåast på som overordna innspel. Enkeltstående problemstillingar om korleis til dømes endring i kommunal grunnskolestruktur vil påverke kostnader kring skoleskysstilbodet fylkeskommunen tilbyr og korleis fylkeskommunens eigarskap i kvart enkelt selskap med geografisk nedslagsfelt i dei relevante kommunane påverkast - er ikkje drøfta.

I kap. 1 beskrivast alle grensejusteringane som skal utgreiast i Møre og Romsdal, følgd av ein gjennomgang av moglege konsekvensar for tenestetilbodet frå fylkeskommunen si side i kap. 2. Dette kapittelet er bygd opp etter det tenestetilbodet fylkeskommunen tilbyr frå dei einsskilde avdelingane sine. I kap. 3 finst informasjon som dekker innbyggartal, demografi, sysselsetting og arbeidspendling, og til sist i kap. 4. er det lagt inn kart som syner grenseendringa.

# 1 Moglege grensejusteringar i Møre og Romsdal

Det er 5 moglege grensejusteringar Møre og Romsdal fylkeskommune er førespurd om å gje innspel til.

## 1.1 Grunnkrins Liabygda

Grunnkrins 15250101 Liabygda vurderast flytta frå 1525 Stranda til 1526 Stordal.

## 1.2 Grunnkrinsane Bjørke og Viddalen

Grunnkrinsane 15200404 Bjørke og 15200405 Viddalen vurderast flytta frå 1520 Ørsta til 1519 Volda.

## 1.3 Grunnkrinsane Dalsbygda, Eide, Rønneberg og Ytterdal

Grunnkrinsane 15240108 Dalsbygda, 15240109 Eide, 15240110 Rønneberg og 15240111 Ytterdal vurderast flytta frå 1524 Norddal til 1525 Stranda.

## 1.4 Grunnkrinsane Orten, Sandøy og Ona/Husøy

Grunnkrinsane 15460107 Orten, 15460108 Sandøy og 15460109 Ona/Husøy vurderast flytta frå 1546 Sandøy til 1547 Aukra.

## 1.5 Grunnkrinsane Øye/Heggem, Fagerli, Flemma og Angvik

Grunnkrinsane 15570202 Øye/Heggem, 15570204 Fagerli, 15570205 Flemma og 15570206 Angvik vurderast flytta frå 1557 Gjemnes til 1502 Molde.

## 2 Tenestetilbod og anna informasjon frå Møre og Romsdal fylkeskommune

### 2.1 Plan- og analyse

Kommunale grensejusteringar internt i Møre og Romsdal vil ikkje påverke tenestetilbodet relatert til plan, planfagleg rettleiing og tilbodet om statistikk- og analysehjelp til kommunane.

### 2.2 Utdanning

Interne grensejusteringar internt i Møre og Romsdal vil ikkje ha betydning for skoletilbodet eller skolestrukturen. Fritt skoleval og at det gjelder få elever er grunnen til det.

### 2.3 Tannhelse

Grensejusteringa relatert til Liabygda vil ikkje føre til nokre konsekvensar då pasientane allereie brukar DTK Valldal.

### 2.4 Samferdsel

#### 2.4.1 Veg

Grensejusteringar internt i fylket vil ikkje ha nokon konsekvens for brukarane av vegen.

#### 2.4.2 Kollektivtrafikk

Grensejusteringar internt i fylke kan få ein konsekvens. Rutepakkane er i dag strukturert slik at dei i hovudsak følg kommunegrensene. Grensejusteringar fører til endra kommunesenter for innbyggjarane, og det kan medføre at det ikkje går kollektivtrafikk til dømes rådhuset i kommunen. Dette kan igjen føre til endra behov i kollektivtrafikken, noko som kan medføre endring i kollektivproduksjonen. Endring i produksjon kan føre til økt vognbehov. Behov for meir materiell enn definert i kontraktane kan bli kostnadskrevjande for fylkeskommunen.

#### 2.4.3 Skoleskyss

Grensejusteringar internt i fylke kan få ein konsekvens.

Elevar ved private skolar vil få ein utvida skyssrett om dei bur i ein stor kommune. Skyssretten er avgrensa til å gjelde heimkommunen, og store kommunar vil gi fylkeskommunen økonomisk ansvar for lenger strekning med skoleskyss.

I grunnkrinsen Liabygda er det ei eventuell endring i den kommunale skolestrukturen som kan medføre behov for ekstra rute. Dette er uavhengig av kva kommune dei vel å høyre til i.

#### 2.4.4 Drosje

Nokre av grensejusteringane internt i Møre og Romsdal vil føre til små justeringar i høve løyvegrensene for drosjane i kommunane.

#### 2.4.5 Tilrettelagt transport for funksjonshemma (TT-ordninga)

Ingen store endringar når ved grensejusteringar internt i fylket.

## 2.5 Regional- og næringsavdelinga

Konsekvens for tenestetilbodet frå RN.

### 2.5.1 Kommunale næringsfond og hoppid.no

I den grad det vert flytta mange personar ved grensejusteringar internt i fylket, vil fordeling av kommunale næringsfond verte påverka. Noko av beløpet vert fordelt etter innbyggartal i kommunane.

### 2.5.2 Distriktsområde

Nokre av desse grensejusteringane medfører at grunnkretsar vil flytte frå kommunar i distriktsområdet (sone 3) til sone 1 eller sone 2. Kva sone kommunen er i, har betydning for kva type støtte ein kan få frå fylkeskommunen og kva støtte bedriftene kan få frå Innovasjon Norge. Sonene gjeld til og med juli 2021, om grensejusteringane vil «overstyre» denne soneinndelinga er mindre truleg.

### 2.5.3 Vassforvaltning

Interne grensejusteringar vil ikkje ha konsekvensar for den tenesta fylkeskommunen tilbyr. Men kommunane må kartlegge dei vassdraga som skifter kommune.

### 2.5.4 Akvakultur

Interne grensejusteringar i fylket vil ikkje ha konsekvensar for akvakulturforvaltninga til fylkeskommunen.

## 2.6 Kultur

### 2.6.1 Kulturvernseksjonen

Grensejusteringar vil føre til ei utfordring i samband med arkivsituasjonen relatert til fagelta kulturminne og arkeologi. Det vil derfor vere viktig å legge ein plan for korleis dette praktisk kan løysast. Erfaringa frå til dømes grensejusteringa mellom kommunane Vanylven og Sande er relevant.

### 2.6.2 Seksjon Folkehelse og fysisk aktivitet

Når det gjelder morotur.no, må vi gjere nokre praktiske endringar når nye kart teiknast.

Kommunereforma og grensejusteringar vil føre til endringar i anleggsdekninga i dei ulike kommunane. Anleggsdekninga leggstil grunn for prioriteringane av spelemiddel. Det er mange anlegg i fylket, og arbeidet med kartlegginga har ikkje starta enda.

### 2.6.3 Kulturformidlingsseksjonen

Seksjonen drifter den kulturelle skolesekken i kommunane i fylket. Interne grensejusteringar endrar ikkje organiseringa av turneane i stor grad, men det vil vere behov for reorganisering internt hos oss. Det må opprettast dialog med kommunekontaktane om endringar og samordning. Det vil bli fleir arbeidsoppgåver for kommunekontaktane i overgangen, men det vil normalisere seg etter kvart.

### 2.6.4 Fylkesbiblioteket

Truleg ingen konsekvensar.


### 3 Innbyggartal, demografi, sysselsetting og arbeidspending i grunnkretsen Liabygda

#### 3.1 Innbyggartal og demografi

##### 3.1.1 Folketal, samla og etter aldersgrupper

Kjelde: SSB

	Samla	Etter aldersgruppe								Anonymisert*
		Barnehage 0-5 år	Barneskole 6-12 år	Ungd.skole 13-15 år	Vgs. 16-19 år	20-44 år	45-66 år	67-79 år	80 år +	
2011	233	11	23	17	12	60	65	33	12	0
2017	220	8	17	5	20	55	64	25	26	0



##### 3.1.2 Elevar i vidaregåande skole, skoleåret 2016/2017

Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune

Tal elevar i vidaregåande skole i skoleåret 2016/2017 med postadresse 6212 Liabygda.


Vidaregåande skole i kommune	Elevar
Stranda	10
Ålesund	3
Annet sted i fylket	1
Samla	14

### 3.1.3 Flytting samla i 2015 og 2016

Kjelde: SSB

➔ Fråflytting

➔ Tilflytting



Flytting fra Liabygda til:	Personar
Molde, Ålesund, Herøy, Ørskog, Stranda og Fræna	Anonymisert (9)
Samla	9

Flytting til Liabygda fra:	Personar
Molde, Ålesund og Norddal	Anonymisert (7)
Samla	7

### 3.2 Sysselsetting og arbeidspending

Dei aktuelle grensejusteringane dreiar seg i stor grad om relativt få personar. Skal ein sjå på til dømes pendling etter kommune blir talgrunnlaget veldig lite for kvar gruppe. Det gjer at forklaringskrafta til datagrunnlaget blir svakt når ein ser på grunnkrets nivå. Vi har derfor ikkje tal på grunnkrinsnivå for sysselsetting og arbeidspending.

## 4 Kart

Fig. 1 Stranda kommune utan grenseendring av Liabygda





Fig. 2 Nye Fjord kommune med grensejustering av Liabygda



Karta ligg ved i større format

## Grensejustering Liabygda

Tilbakemelding til Fylkesmannen i Møre & Romsdal frå bygdamøte i Liabygda 26.10.2017

Utsendingar frå møtet:  
Jostein Dalen  
Kjell Martin Ringset




## Utgangspunkt

Brev frå Det kongelige Kommunal- og Moderniseringsdepartement til Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 28.september 2017

*«Fylkesmannen kan i tillegg utrede større eller mindre grensejusteringar i det omtalte området»*

Vidare står det i brevet:

*«Kommunestyrene bør innhente innbyggernes synspunkter på sakene»*



## Liabygda – solskinnsbygda!

«Der alle skulle tru at mange ville bu»

- Ca 225 innbyggjarar – historisk sterk tilknytning til Stranda
- Barnehage, skule, SFO, idrettslag, speidar, ungdomsklubb, søndagsskule, hopp og langrennsanlegg, fotballbane, ungdomshus og en flott 1000-årsstad som er bygda sin festarena.
- Rempro, Trollbryggeriet, enk.personforetak innan møbelsøm, landbruk og offentlege arbeidsplassar
- Liabygda ligg sentralt 15. min. frå 3 kommunesenter – pendlaravstand til 13 kommunesenter(1t 25 min)
- Ei bygd utan rasfare i vegkrysset mellom Stranda, Norddal og Stordal
- Sydvendt, solrik og med stort busetnadspotensiale
  - Ei bygd utan «ungdomsproblematikk»
  - Ei bygd med godt samhald og lite konflikt
  - Ei bygd som har stagnert, men med nysatsingar som gir grunn til auka optimisme
  - Ei bygd med stort potensiale som ikkje vert utnytta

«Ei bygd det er godt å bu i og som vi er stolte av»

## *Bodskapen frå Liabygda*

*«Folk i Liabygda vil ha med resten av Stranda  
Kommune i ei ny kommune i lag med Norddal og  
Stordal»*

## Felles interesser Norddal, Stordal og Stranda

- **Storfjorden** – kanskje vår viktigaste felles arena  
Fjorden skil oss ikkje, den bind oss saman
- **Felles geografi** – vi utgjer ei naturleg geografisk eining som vil ha innflytelse på Storfjorden og på begge sider av Storfjorden
- **Folket langs fjorden** – felles kulturarv og felles interesse i å skape ei sterk distriktskommune
- **Felles arbeidsmarked** – stor intern arbeidspending
- **Turisme** - lokalturisme, regionalturisme, nasjonalturisme og internasjonal turisme, turisme på land, i fjellet og på fjorden
- **Matproduksjon** – frå land og sjø, frå kortreist til industriprodusert mat  
Heile verdikjeda
- **Miljøvern** i fjorden, på fjorden, ved fjorden og i fjellområda våre
- **Åkeneset** – ei felles utfordring
- **Verdsarvområdet**

## Utfyllande interesser Norddal, Stordal og Stranda

- **Geiranger** – den store magneten for nasjonal og internasjonal turisme
- **Valldal** – eit lokalt spisskammer og ein betydelig nasjonal matprodusent. Ein lokal turistmagnet på sommaren. Muritunet som bidreg til å gi bygda ein sterk helseprofil
- **Stranda** – ein sterk industritettstad med ein betydeleg matvareindustri. Ein nasjonal vinterdestinasjon med stigande vekstkraft og vilje til å også å satse på sommarturisme
- **Norddal** – saman med Stranda ein sterk eksponent for kortreist tradisjonsmat. Status som litt eksotisk
- **Tafjord** – energihovedstaden i fylket hand i hand med eit av dei mest attraktive turområda på vestlandet. Potensiale for auka satsing på turisme
- **Stordal** – tradisjonell møbelindustrikommune med sterk omstillingsvilje og evne til å gjennomføre felles tiltak. Ein betydeleg lokal aktør i hyttemarkedet
- **Eidsdal** – Eidsdalsvatnet, ei perle for dei som vil ha eit annarleis alternativ
  - Og midt i – Liabygda, sjølv perla med den mest sentrale plasseringa, dei beste tomtene, mest sol og med det største potensiale for utvikling - høgt hengande over fjorden

## Oppsummering/konklusjon

- Ei kommune rundt Indre Storfjord vil verte ei god, sterk og framtidretta kommune med god evne til samhandling til beste for innbyggjarane i alle bygdelaga.
- Det er vår klare oppfatning at folk flest som bur i Indre Storfjord vil ha denne løysinga og det er den einaste som folk flest i Indre Storfjord vil kjenne eigarskap til og akseptere som alternativ til det å stå åleine som før
- Sist, men ikkje minst – folket i desse 3 kommunene er ikkje høyrd om dette alternativet

**Folkemeininga må no verte høyrd og tatt hensyn til !**

**– vi gir Fylkesmannen stafettpinnen med oppmodning om snarast å ta budskapet vidare slik at vi kan kome i gang med å skape den kommunen som folk flest vil ha.**



## Sjekkliste for innhenting av faktagrunnlag ved grensejustering -Kryssa av det som er innhenta

### Areal og geografi:

- Storleik på areal som er søkt grensejustert
- Geografisk plassering i kommunen
- Viktige naturressursar og spesielle geografiske tilhøve

### Innbyggartal og demografi:

- Folketal totalt i grunnkrins(ane) som blir overført
- Befolkning fordelt på alder

### Kommunikasjonstilhøve og pendling:

- Kommunikasjonstilhøve i området, t.d. busstilbod, gang- og sykkelveggar og vegstruktur
- Avstand til barne- og ungdomsskular, idrettsanlegg, kyrker, sjukeheim osv.
- Reiseavstand til kommunesenter før og etter grensejustering
- Pendling for innbyggjarar i det aktuelle området

### Kommunale tenestetilbod:

- Bruk av kommunale tenestetilbod (kommunale institusjonar, kommunalt omsorgstilbod) i det aktuelle området i noverande kommune
- Eventuelle kjøp av kommunale tenester i andre kommunar for innbyggjarane i det aktuelle området
- Bruk av kommunale tenestetilbod (kommunale institusjonar, kommunalt omsorgstilbod) i det aktuelle området i ny kommune
- Fylkeskommunale/statlege tilbod – bruk i dag og ved grensejustering

### Utbyggingsmønster:

- Planar for området etter plan- og bygningslova som gjeld utbygging av næring og bustader

### Anna:

- Overordna økonomiske effektar, dvs. effekt på frie inntekter
- Utlikna skatt (jf. effekt over inntektssystemet)
- Foreiningar i det aktuelle området
- Retningsval pr. i dag ved bruk av kultur- og fritidsaktivitetar for befolkninga i aktuelt område



# Stordal kommune

## Ordføraren

Saksbehandlar: Eva Hove

Fylkesmanen i Møre og Romsdal  
Postboks 2520  
6404 MOLDE

Vår ref.: 17/116-74

Dykkar ref.:

Arkiv: FE-024

Dato: 13.12.2017

### Grensejustering i Stranda kommune - svar frå Stordal kommune

Eg viser til brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om innhenting av faktagrunnlag vedrørende grensejustering i Stranda kommune.

I det ein viser til tilsendt sjekklister, kan ein frå Stordal kommune si side melde om følgjande fakta:

#### **Pendling**

Der er ein del arbeidspendling mellom Liabygda og Stordal. Vi legg til grunn at der finst statistikk for dette som Fylkesmannen har tilgang til.

#### **Kommunale tenestetilbod:**

Stranda kommune har i ei årrekke leigd symjehallen ved Stordal skule for å gi elevane ved Liabygda skule symjeopplæring.

Stranda kommune har gjort vedtak om nedlegging av Liabygda skule frå hausten 2018, og har i den samanheng bedt om pris på kjøp av skuleplass elevane frå Liabygda. Både Norddal og Stordal kommunar har gitt slikt pristilbod. Stranda kommune har pr no ikkje tatt stilling til tilbodet - så langt vi er kjent med.

#### **Utbyggingsmønster:**

Stordal og Stranda kommunar samarbeider no om utarbeiding av ein reguleringsplan for Liabygda skytebane. Dette samarbeidet har kome i stand fordi der er planer om hytteutbygging på begge sider av kommunegrensa. Skytebana ligg i Stranda, men inntil grensa til Stordal kommune. For å kunne utvikle dette området vidare med tanke på hyttebygging, er der krav om regulering av skytebana.

#### **Anna:**

Der er skipa felles pensjonistlag for medlemmer av Liabygda og Stordal: «Stordal og Liabygda pensjonistlag». Dette er eit aktivt lag med faste samlingar og arrangement.

Der er samarbeid mellom idrettslag og andre frivillige i Stordal og Stranda om opparbeiding og drift av skianlegg (hoppbakke og langrennsarena) på Stavsengfjellet (Liabygda) i Stranda kommune. Innbyggjarar i Liabygda gjer seg elles nytte av andre kultur – og fritidsaktivitetar i Stordal i ei viss utstrekning.

Med venleg helsing  
Stordal kommune

Eva Hove  
Ordførar

**Kopi til:**

Norddal kommune

Postboks 144

62 VALLDAL

Stranda kommune

Øyna 13

10  
62 STRANDA  
00

*Dokumentet er godkjent elektronisk og blir sendt utan signatur.*

# Liabygda

# Liabygda


## Innledning til telefonundersøkelsen:

- God dag/kveld. Mitt namn er NN. Eg ringer på vegne av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har bedt Fylkesmannen om å utgreie ei evt. grensejustering av Liabygda over til nye Fjord kommune. I samband med dette ynskjer Fylkesmannen å høyre kva innbyggerane meiner. Du vil få eit spørsmål som inneheld 3 svaralternativ, men først vil vi opplyse følgande:
- Kommunane Norddal og Stordal slår seg saman til nye Fjord kommune frå 1.1.2020.
- Ei eventuell grensejustering vil gjelde frå 1.1.2020.


## Svar:

- Bruttoutvalg: 171
- Antall svar: 128
- Svarprosent: 77%

## **Kjønn**



## **Alder**




Desimalavrunding gjør at sum kan bli 99% eller 101%

# Liabygda

Kva kommune meiner du at Liabygda skal høyre til i framtida?

Base: n=128



	Mann	Kvinne	16-29 år	30-44 år	45-59 år	60 år+
Base	63	65	26	19	24	59
1	67%	69%	31%	68%	75%	81%
2	27%	28%	62%	32%	25%	12%
3	6%	3%	8%			7%

Konfidensintervall/feilmargin på totalnivå (n=128)\*:

- 1: +/- 4,1 prosentpoeng (63,9 % - 72,1 %)
- 2: +/- 3,9 prosentpoeng (23,1 % - 30,9 %)
- 3: +/- 1,9 prosentpoeng (3,1 % - 6,9 %)

\* 95 % signifikansnivå. Et konfidensintervall er en måte å angi feilmarginen av en måling eller en beregning på. Det angir intervallet som med en spesifisert sannsynlighet inneholder den sanne (men vanligvis ukjente) verdien av variabelen man har målt.



**Stranda kommune**

**Rådmannen**

Saksbehandlar: Åse Elin Hole

Vedlegg 5

## Melding om vedtak

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Postboks 2520  
6404 MOLDE

**Vår ref.:**  
2017001570- 14

**Dykkar ref.:**

**Arkiv:**  
K1 - 002

**Dato:**  
01.03.2018

### **Vedtak - Høyringsuttale - Grensejustering i Stranda kommune - Liabygda**

Vi viser til Dykkar brev datert 06.02.2018. Det er gjort følgjande vedtak i saka:

#### **28.02.2018 FORMANNSKAPET 023/18**

Det er viktig for Stranda kommune å vere ei samla kommune inn i drøftingar med nabokommunene om eventuelle framtidige kommunesamanslåingar.

Stranda kommune syner til innbyggjarhøyringa der det kjem klart fram at innbyggjarane i Liabygda framleis ynskjer å høyre til, og nytte, kommunen sitt tenestetilbod. Stranda kommune viser til at spesielt skuletilbodet i Stranda er viktig med tanke på Liabygda sine innbyggjarar i høve til framtidig bruk av Stranda vidaregåande skule.

I denne samanheng vil Stranda kommune beklage at ein ikkje er kome i posisjon til vidare drøftingar med Fjord kommune. Stranda kommune er framleis opne for dialog kring kommunestruktur saman med Fjord kommune.

Stranda kommune meiner det vil få store konsekvensar for kommunen om Liabygda vert overført til Fjord kommune. Dette vil i ytterste konsekvens kunne svekke det samla tenestetilbodet i andre delar av Stranda kommune og vil såleis kunne få negative konsekvensar for alle bygdelaga i kommunen.

Med denne bakgrunn legg Stranda kommune i det vidare rådmannen si saksutgreiing til grunn.

Med vennleg helsing  
Stranda kommune

Åse Elin Hole  
Rådmann

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.*

# STRANDA KOMMUNE

## SAKSPAPIR

### SAKSGANG

<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møte dato</b>	<b>Saknr</b>
FORMANNSKAPET	28.02.2018	023/18

<b>Saksansvarleg:</b> Rådmann Åse Elin Hole		
<b>Saksbehandlar:</b> Åse Elin Hole	<b>Arkiv:</b> K1 - 002	<b>Arkivsaknr</b> 17/1570

### Høyringsuttale - Grensejustering i Stranda kommune - Liabygda

#### Rådmannen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

#### 28.02.2018 FORMANNSKAPET

##### Framlegg i møtet:

##### Omforeint framlegg:

Det er viktig for Stranda kommune å vere ei samla kommune inn i drøftingar med nabokommunene om eventuelle framtidige kommunesamanslåingar.

Stranda kommune syner til innbyggjarhøyringa der det kjem klart fram at innbyggjarane i Liabygda framleis ynskjer å høyre til, og nytte, Stranda kommune sitt tenestetilbod. Stranda kommune viser til at spesielt skuletilbodet i Stranda er viktig med tanke på Liabygda sine innbyggjarar i høve til framtidig bruk av Stranda vidaregåande skule.

I denne samanheng vil Stranda kommune beklage at ein ikkje er kome i posisjon til vidare drøftingar med Fjord kommune. Stranda kommune er framleis opne for dialog kring kommunestruktur saman med Fjord kommune.

Stranda kommune meiner det vil få store konsekvensar for Stranda kommune om Liabygda vert overført til Fjord kommune. Dette vil i ytterste konsekvens kunne svekke det samla tenestetilbodet i andre delar av Stranda kommune og vil såleis kunne få negative konsekvensar for alle bygdelaga i kommunen.

Med denne bakgrunn legg Stranda kommune i det vidare rådmannen si saksutgreiing til grunn.

#### Møtebehandling

## **Vedtak samrøystes**

### **FOR- 023/18 Vedtak:**

Det er viktig for Stranda kommune å vere ei samla kommune inn i drøftingar med nabokommunene om eventuelle framtidige kommunesamanslåingar.

Stranda kommune syner til innbyggjarhøyringa der det kjem klart fram at innbyggjarane i Liabygda framleis ynskjer å høyre til, og nytte, kommunen sitt tenestetilbod. Stranda kommune viser til at spesielt skuletilbodet i Stranda er viktig med tanke på Liabygda sine innbyggjarar i høve til framtidig bruk av Stranda vidaregåande skule.

I denne samanheng vil Stranda kommune beklage at ein ikkje er kome i posisjon til vidare drøftingar med Fjord kommune. Stranda kommune er framleis opne for dialog kring kommunestruktur saman med Fjord kommune.

Stranda kommune meiner det vil få store konsekvensar for kommunen om Liabygda vert overført til Fjord kommune. Dette vil i ytterste konsekvens kunne svekke det samla tenestetilbodet i andre delar av Stranda kommune og vil såleis kunne få negative konsekvensar for alle bygdelaga i kommunen.

Med denne bakgrunn legg Stranda kommune i det vidare rådmannen si saksutgreiing til grunn.

## **SAKSUTGREIING**

### **Bakgrunn for saka**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal utgreier grensejustering for bygdene Liabygda samt Norddal og Eidsdal.

Oppdraget som gjeld Liabygda er gitt i Kommunal og Moderniseringsdepartementet (KMD). Det er KMD som sjølv har teke initiativet til at fylkesmannen skal lage ei utgreiing om konsekvensane av ei grensejustering av Liabygda frå Stranda kommune til nye Fjord kommune.

Det er gjennomført innbyggjarhøyring i alle bygdene i veke 3 og 4. Fylkesmannen skal sende saksutgreiing og tilråding i veke 12. Frist for uttale frå berørte kommunar er 1.mars 2018 for Liabygda. Det som gjeld for Norddal og Eidsdal er fristen utsett til 15. mars 2018.

### **Saksopplysningar**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i brev datert 6. februar 2018, bede Stranda kommunestyre om ein uttale i høve:

1. Kva konsekvensar det vil gi for Stranda kommune at Liabygda blir ført over til nye Fjord kommune.
2. Korleis vurderer kommunestyret resultatet frå innbyggerhøyringa.

I tillegg har dei bede om uttale frå Fellesnemda i nye Fjord kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og kartverket om å gi sine vurderingar om ei eventuell grensejustering. Vi har tolka fristen 15 mars for tilbakemelding i begge sakene, og at vi då skulle rekke å handsame saka i Formannskapet 05.mars. Vi har forespurt fylkesmannen om kvifor det er ulike fristar og har fått tilbakemelding på dette i telefonsamtale 21.02. med Vigdis Rotlid

Vestad. Vi kunne ikkje få utvida frist til 15.03. i vår høyringsuttale.

### Vurdering

1. Kva konsekvensar det vil gi for Stranda kommune at Liabygda blir ført over til nye Fjord kommune?

Dersom Liabygda skal gå over i nye Fjord kommune vil kommunen miste 220 innbyggjarar. Dette er svært uheldig for kommunen og er ei lite ynskt utvikling. Liabygda har historisk sterk tilknytning til Stranda.

Konsekvensen av dette er at kommunen vil få reduserte rammeoverføringar/ inntekter og reduserte skatteinntekter. Det er viktig å presisere at vi ikkje ynskjer at det i denne samanheng skal setjast ein «stykkpris» på innbyggjarane. Kommunen vil få redusert økonomisk handlingsrom, dette vil på sikt gå utover tenestetilbodet til innbyggjarane i kommunen. Liabygda har i dag barnehage, skule, SFO, omsorgsbustadar, idrettslag, speidar – og ungdomsklubb, søndagsskule, hopp og langrennsanlegg, skytebane, fotballbane, eit ungdomshus og ein flott 1000-årsstad som er bygda sin festarena.

Stranda kommune har vedteke å legge ned skulen i Liabygda frå hausten 2018. I denne samanheng har kommunen utgreidd ulike alternativ for kvar barna skal gå på skule utanom Stranda kommune. Tilråding er at barna skal halde fram å gå på skule i eigen kommune med skuleskyss frå dør til dør (trygg skuleveg).

Ei grensejustering vil føre til at ein må vurderer om kommunen i ein overgangsfase fram til 2020, må kjøpe skuleplass i enten Stordal eller Norddal. Dersom ein vel skuletilbod utanom kommunen vil det føre til auka kostnader for kjøp av skuleplass og meirkostnader til eventuell spesialundervisning. Vi vil i høve spesialundervisning ha liten påverknad av utmåling og bruk av ressursane. Kjøp av skuleplass vil føre til dårlegare utnytting av kapasitet i eigne skular og kan som konsekvens føre til auka kostander per elevplass.

Bortfall av ungdommar kan få uheldige konsekvensar for rekruttering til Stranda vidaregåande skule som er viktig å behalde i indre Storfjord. Det kan vere lettare å velje andre v.g.skular framfor Stranda v.g.skule når ein ikkje er ein del av kommunen.

I tillegg har Liabygda desse arbeidsplassane innanfor bedrifter som Rempro, Trollbryggeriet, enkeltpersonforetak innan møbelsaum, landbruk og offentlege arbeidsplassar.

Dersom desse arbeidsplassane i framtida ikkje skal vere i vår kommune vil det gi tap av kompetansearbeidsplassar i kommunen og kompetanse vil forsvinne ut av kommunen.

Arbeidsplassar er viktig for å halde på innbyggjarane og sikre tilflytting til kommunen.

Dersom Liabygda går over til nye Fjord kommune vil dette kunne komplisere arealplanlegginga for sjøområdet. Fjorden vert delt i to og gir reduserte muligheit til å nytte arealet på ein samla og god måte. I denne samanheng er fjorden eit samlande moment.

Liabygda ligg sentralt 15. minutt. frå 3 kommunesenter og pendlaravstand til 13 kommunesenter (1t 25 min). Dette kan ein tolke både positivt og negativt i høve betydning for tilgang på og nærleik til kommunale tenester.

2. Korleis vurderer kommunestyret resultatet frå innbyggerhøyringa

Vi har fått tilsendt ein del faktainformasjon om resultatet frå innbyggerundersøking i samband med grensejustering som vart gjennomført i veke 3 og 4. Undersøkinga vart gjennomført som telefonoppringing til alle tilgjengeleg telefonnummer i aldersgruppa 16 år og eldre, og med 3 ulike svaralternativ (kvantitativ metode). For Liabygda var utvalet 171 personar og der 128 personar svarte. Dette utgjer ein svarprosent på 77%.

Det gledelege og viktige er at 68 % av dei spurte ynskjer å bli i Stranda kommune.

Resultatet syner også at heile 62% i aldersgruppa 16 – 29 år svarer at dei ynskjer overflytting

til nye Fjord Kommune. Resten av befolkninga i aldersgruppa 30 år og oppover ynskjer å bli i Stranda kommune, medan berre 6 % svarte veit ikkje.

Korleis ein skal tolke og kva vurderingar ein skal legge til grunn for resultatet, er vanskeleg. I Fylkesmannen sin rapport om grensejustering i Stranda kommune datert 22.11.2017, syner dei til faktagrunnlag som innbyggertal og demografi, sysselsetting og arbeidspendling, tenestetilbod og anna som til dømes planar etter plan- og bygningslova og utbyggingsmønster i si vurdering. Slik sakshandsamar les vurderingane vil det få liten eller ingen konsekvens for innbyggjarane sin tilgang på tenester ved ei eventuell grensejustering. Unntaket kan vere under tema – samferdsel. Tilbodet på kollektivtrafikk kan bli endra dersom det vert endra kommunesenter og det kan medføre behov for ekstrarute i samband med skuleskyss. Dette forsterkar vår meining om at Liabygda også i framtida skal vere ein del av Stranda kommune.

Ei grensejustering for Liabygda vil føre til at reiseavstanden til offentlege tenester kan bli kortare i minutt, utan at ein har teke høgde for til dømes vegstandard eller rasfare.

Det ein kan undre seg over er at ungdommen ynskjer seg over til nye Fjord kommune, og kvifor det?

Har det med betydning av fergefri kommunikasjon og friare tid til bruk av forflytning?

Har nedlegging av skulen i bygda ein avgjerande betydning i svarprosenten?

Vil nye Fjord kommune vere berekraftig i framtida sjølv med innbyggjarar frå Liabygda?

**Oppsummert vil vi gi uttrykk for følgjande vurderingar:**

Stranda kommune ynskjer at Liabygda også i framtida skal vere ein del av kommunen, og dette er heilt i tråd med innbyggjarane sitt ynskje.

**Vedlegg:**

<b>Dok.dato:</b>	<b>Vedlegg:</b>	<b>Dok.ID</b>
14.02.2018	Høyring - Grensejustering i Stranda kommune - Liabygda	222817
14.02.2018	Div. vedlegg	222818

**Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.**

\*



# Norddal kommune

Fellesnemnda for ny kommune

vedlegg 6  
– ein verdsarvkommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Fylkeshuset

6404 MOLDE

**Vår ref.**  
18/154/FE - 026/HIDY/70 25 88 62

**Dykkar ref.**

**Dato:**  
15.02.2018

## Grensejustering i Stranda – Liabygda krins. Høyringsuttale.

Vi viser til brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 06.02.2018, der fellesnemnda for Fjord kommune vert beden om å kome med ei høyringsfråsegn til spørsmålet om ei eventuell grensejustering i Stranda kommune.

**Fellesnemnda for Fjord kommune handsama denne saka i møte den 13.februar 2018, og vil gi følgjande høyringsuttale:**

Stordal og Norddal kommunar har gjort vedtak om å danne ein ny kommune frå 1.1.2020. I dette vedtaket ligg det ingen føresetnad at Liabygda må bli ein del av den nye kommunen. Stordal og Norddal har likevel heile tida signalisert at Liabygda er velkomne inn i den nye kommunen – og at ein ser det som svært ønskeleg. Geografisk plassering av Liabygda gjer også dette til ei naturleg eining.

Vi har no fått tilsendt ein del faktainformasjon om ulike tilhøve, mellom anna har vi fått resultatet av innbyggjarundersøkinga i Liabygda. Av denne går det fram at samla sett ynskjer 68 % av dei som bur i Liabygda, at bygda framleis skal høyre til Stranda kommune. Ser ein litt nærare på tala, ser vi at i aldersgruppa 16 – 29 år, så er det berre 31 % som ønskjer å bli verande i Stranda. Heile 62 % i denne aldersgruppa seier dei vil bli ein del av nye Fjord kommune, 8 % er usikre. Tala frå innbyggjarhøyringa syner at der er ein klar meningsforskjell mellom eldre og unge i Liabygda. Fleirtalet blant dei unge ynskjer seg til nye Fjord kommune. I denne aldersgruppa finn vi truleg både einslege unge og unge foreldre. Utan å vite dette sikkert, er det grunn til å tru at for denne aldersgruppa betyr ferjefrie kommunikasjonar mykje. Dei unge ynskjer fridom til å forflytte seg – og for foreldre som skal frakte borna til ulike fritidsaktivitetar, er det også ein stor fordel å vere uavhengig av ferje.

Faktasamlinga som er sendt oss i samband med denne saka, syner at det for dei som bur i Liabygda er mellom 8 – 10 minutt lenger reisetid å nå ein skule eller ein omsorgsinstitusjon i Stranda, enn om dei skulle reise til ein tilsvarande institusjon i Stordal eller Norddal. Dette er rein reisetid og tar ikkje omsyn til at det er 30 minutt mellom dei fleste ferjeavgangane på dagtid – og ein time mellom kvar ferjeavgang om kvelden.

**Postadr.:**  
Postboks 144  
6211 Valldal

**E post/heimeside**  
post@norddal.kommune.no  
www.norddal.kommune.no

**Telefon/telefaks**  
70 25 88 00  
70 25 88 01

**Bankgiro:**  
4212 23 27668

**Organisasjonsnr.**  
939 396 268

Kommunestyret i Stranda har bestemt at skulen i Liabygda skal leggest ned frå hausten 2018. Stranda kommune vurderer i samband med dette vedtaket å kjøpe skuletenester i Norddal eller Stordal. Foreldra til skuleborna er klare i sitt syn: Dei ynskjer skuletilbod på denne sida av fjorden, slik at skuleborna ikkje må krysse fjorden for å kome på skulen. Dersom Stranda kommunestyre vel å ta omsyn til foreldra sitt syn i denne saka, vil dei framtidige generasjonane i Liabygda få ei enda sterkare tilknytning til det som blir Fjord kommune enn det som er tilfellet i dag. Skulen vil gi felles opplevingar, vennskap og samkvem i langt større omfang enn i dag.

Det er allereie eit utstrekt samkvem og samarbeid mellom folka som bur i Liabygda, Stordal og Norddal. Folk frå Liabygda deltar i kulturaktivitetar i Stordal og Valldal. Også når det gjeld daglegvarehandel, serveringsstader m.m, nyttar folket seg i stor grad av tilbod i Stordal og Valldal.

Det er skipa felles pensjonistlag for Liabygda og Stordal. Dette er eit aktivt lag med jamne møtepunkt. Idrettslaga samarbeider om skianlegg på Stavsengfjellet. Elevane i Liabygda har i ei årrekke fått symjeopplæringa si ved Stordal skule.

#### **Oppsummert vil vi gi uttrykk for følgjande syn:**

Det har frå Norddal og Stordal kommunar heile tida vore signalisert at Liabygda er velkommen med i den nye kommunen som no vert danna. Vi har også lagt til at dette - sett frå nye Fjord kommune si side - både er ønskeleg og naturleg, men at det bør kome som eit resultat av eit initiativ frå folket i Liabygda krins. Innbyggerundersøkinga gjort i samband med grensejusterings-saka, syner at samla sett er der eit klart fleirtal blant folket for å halde fram som del av Stranda kommune. Interessant er det likevel å legge merke til at i aldersgruppa 16 – 29 år, så er synet på framtidig kommunetilhøyr anleis. I denne gruppa er der eit fleirtal som ynskjer å tilhøyre Fjord kommune.

Fellesnemnda for nye Fjord kommune vil utelukkande sjå det som ein fordel om Liabygda krins blei ein del av Fjord kommune i framtida, ettersom Liabygda er del av same kvardagsregion. Vi har respekt for at fleirtalet av innbyggerane i dag ynskjer å halde fram i Stranda kommune, men vi har lagt særleg merke til at det i aldersgruppa 16 – 29 år er eit fleirtal for nye Fjord kommune. Nye Fjord kommune vil kunne ha kapasitet til å yte velferdstenester som vil vere lettare tilgjengelege for innbyggerane i Liabygda krins. Reint geografisk høyrer også Liabygda naturleg inn i det som blir Fjord kommune frå 1.1.2020.

For fellesnemnda i Fjord kommune

Eva Hove  
leiar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.*

Vedlegg 7

STORDAL KOMMUNE



- det folkets frivillige!

STORDAL KOMMUNE  
Servicekontoret

**PARTSBREV ENKELSAK**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Postboks 2520  
6404 MOLDE

**Dykkar ref.**

**Vår ref.**

18/73-13/FA-L34//AO

**Dato:**

22.02.2018

**Melding om vedtak - uttale til sak om grensejustering - Liabygda**

Stordal kommunestyret behandla ovannemnde sak i møte 14.02.18, og gjorde følgende vedtak under sak 009/18:

**KS-009/18 VEDTAK:**

Stordal kommunestyre sluttar seg til den fråsegna om grensejustering som går fram av saksutgreiinga og dei innspela som kom fram i debatten.

Jf. vedlagde særutskrift.

Med helsing  
Stordal kommune

Alexander Oudijk  
Konsulent

**Kopi til:**

Norddal kommune  
Stranda kommune

**Vedlegg:**

**Nr. Vedlegg**

- 1 Uttale til sak om grensejustering - Liabygda
- 2 Grensejustering - Liabygda - møtereferat
- 3 Utgreiing av grensejusteringar i Møre og Romsdal - oppdrag frå KMD
- 4 Liabygda - møtereferat
- 5 Liabygda - innspel
- 6 Liabygda - presentasjon FM
- 7 Liabygda - presentasjon - Ringset-Dalen
- 8 Grensejustering i Stranda kommune - svar frå Stordal kommune
- 9 Høyringsbrev på utgreiing av grensejusetring for Liabygda
- 10 Oversendingsskriv

**Postadresse  
Kommunehuset  
6250 Stordal**

Servicekontoret:  
70 27 91 00  
Bankgiro  
3902.07.00711

Telefaks

Saksbehandlar tlf

Organisasjonsnr.  
00964980276

E-mail adr.: [postmottak@stordal.kommune.no](mailto:postmottak@stordal.kommune.no)





des folks trinn!

## STORDAL KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Endeleg vedtaksorgan: Kommunestyret Saksansvarleg.: Anne Berit Løset	Arkiv: FA-L34 Objekt:	Arkivsaksnummer 18/73
---	-----------------------------	--------------------------

SAKSGANG			
Saksnr	Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksbehandlar
009/18	Kommunestyret	14.02.2018	ABL

### Uttale til sak om grensejustering - Liabygda

#### Vedlegg i saka:

- | Nr. | Vedlegg  |
|-----|--|
| 1   | Grensejustering - Liabygda - møtereferat                           |
| 2   | Utgreiing av grensejusteringar i Møre og Romsdal - oppdrag frå KMD |
| 3   | Liabygda - møtereferat   |
| 4   | Liabygda - innspel   |
| 5   | Liabygda - presentasjon FM   |
| 6   | Liabygda - presentasjon - Ringset-Dalen                            |
| 7   | Grensejustering i Stranda kommune - svar frå Stordal kommune       |
| 8   | Høyringsbrev på utgreiing av grensejustering for Liabygda          |
| 9   | Oversendingsskriv  |
| 10  | Vedlegg til høyringsbrev - Liabygda                                |

#### Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

\*

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal utgreier grensejustering for bygdene Liabygda samt Norddal og Eidsdal.

Oppdraget som gjeld Liabygda er gitt av Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD). Det er KMD som sjølv har teke initiativ til at fylkesmannen skal lage ei utgreiing om konsekvensane av ei grensejustering av Liabygda frå Stranda kommune til nye Fjord kommune.

Det er gjennomført innbyggjarhøyring i alle bygdene i veke 3 og 4. Fylkesmannen skal sende saksutgreiing og tilråding til KMD i veke 12. Frist for uttale frå berørte kommunar er 1.mars for Liabygda. For det som gjeld Norddal og Eidsdal er fristen utsett til 15.mars.

##### Grensejustering Liabygda:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i brev datert 6.februar 2018 bede om ein uttale der fellesnemnda for nye Fjord kommune gjer greie for synet sitt på ei eventuell grensejustering av Liabygda krins. Sjølv om fylkesmannen ikkje eksplisitt ber om Stordal kommunestyre sitt syn, finn rådmannen det likevel naturleg å legge saka fram for kommunestyret.

Med bakgrunn i prosessen som har vore mellom Stordal kommune og Norddal kommune- og på bakgrunn av dei skriv vi har mottatt vedrørande utgreiing av muleg grensejustering av Liabygda krins, rår ein til at Stordal kommunestyre avgir følgjande uttale:

### **Vurdering:**

Grensejustering Liabygda – høyringsfråsegn frå Stordal kommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i brev datert 6.februar 2018 bede om ein uttale der fellesnemnda for nye Fjord kommune gjer greie for synet sitt på ei eventuell grensejustering av Liabygda krins.

Stordal og Norddal kommunar har gjort vedtak om å danne ein ny kommune frå 1.1.2020. I dette vedtaket ligg det ikkje som føresetnad at Liabygda må bli ein del av den nye kommunen. Stordal og Norddal har likevel heile tida signalisert at Liabygda er velkomne inn i den nye kommunen. Ein ser det som både naturleg og ønskeleg, ikkje minst når vi legg til grunn geografi og kommunikasjonar.

Vi har no fått tilsendt ein del faktainformasjon vedrørande ulike tilhøve, mellom anna har vi fått resultatet av innbyggjarundersøkinga i Liabygda. Av denne går det fram at samla sett ynskjer 68 % av dei som bur i Liabygda, at bygda framleis skal høyre til Stranda kommune. Ser ein litt nærare på tala, ser vi at i aldersgruppa 16 – 29 år, så er det berre 31 % som ønskjer å bli verande i Stranda. Heile 62 % i denne aldersgruppa seier dei vil bli ein del av Fjord kommune, 8 % er usikre. Tala frå innbyggjarhøyringa syner at der er klar meningsforskjell mellom eldre og unge i Liabygda. Fleirtalet blant dei unge ynskjer seg til Fjord kommune. I denne aldersgruppa finn vi både einslege unge og unge foreldre. Utan å vite dette sikkert, er det grunn til å tru at for denne aldersgruppa, betyr ferjefrie kommunikasjonar mykje. Dei einslege unge ynskjer fridom til å forflytte seg – og for foreldre som skal frakte borna til ulike fritidsaktivitetar, er det også ein stor fordel å vere uavhengig av ferje.

Faktasamlinga som er sendt oss i samband med denne saka, syner at dei som bur i Liabygda har mellom 8 – 10 minutt lenger reisetid å nå ein skule eller ein omsorgsinstitusjon i Stranda, enn om dei skulle reise til ein tilsvarende institusjon i Stordal eller Norddal. Dette er rein reisetid og tar ikkje omsyn til at det er 30 minutt mellom dei fleste ferjeavgangane på dagtid – og ein time mellom kvar ferjeavgang om kvelden.

Kommunestyret i Stranda har no bestemt at skulen i Liabygda skal leggest ned frå hausten 2018. Stranda kommune vurderer i samband med dette vedtaket å kjøpe skuletenester i Norddal eller Stordal. Foreldra til skuleborna er klare i sitt syn: Dei ynskjer skuletilbod på denne sida av fjorden, slik at skuleborna ikkje skal trenge å krysse fjorden for å kome på skulen. Dersom Stranda kommunestyre vel å ta omsyn til foreldra sitt syn i denne saka, vil dei framtidige generasjonane i Liabygda få ei enda sterkare tilknytting til det som blir Fjord kommune enn det som er tilfellet i dag. Skulen vil gi felles opplevingar, vennskap og samkvem i langt større omfang enn i dag.

Det er allereie i dag eit utstrekkt samkvem og samarbeid mellom folka som bur i Liabygda og folk i Stordal og Norddal. Det er felles pensjonistlag for Liabygda og Stordal. Dette er eit aktivt lag med jamne møtepunkt. Idrettslaga samarbeider om skianlegg på Stavsengfjellet. Elevane i Liabygda har i ei årrekke fått symjeopplæringa si ved Stordal skule. Tilsvarende nyttar mange frå Liabygda seg av fritidstilbod i Valldal.

Oppsummert vil vi gi uttrykk for følgjande syn:

Det har frå Norddal og Stordal kommunar heile tida vore signalisert at Liabygda er velkommen med i den nye kommunen som no vert danna. Vi har også lagt til at dette- sett frå nye Fjord kommune si side- både er ønskeleg og naturleg, men at det bør kome som eit resultat av eit initiativ frå folket i Liabygda krins.

Innbyggjarundersøkinga gjort i samband med grensejusteringssaka, syner at samla sett er der eit klart fleirtal blant folket for å halde fram som del av Stranda kommune. Interessant er det likevel å legge merke til at i aldersgruppa 16 – 29 år, så er synet på framtidig kommunetilhøyre annleis. I denne gruppa er der eit fleirtal som ynskjer å tilhøyre Fjord kommune.

Stordal kommunestyre vil utelukkande sjå det som ein fordel om Liabygda krins blei ein del av Fjord kommune i framtida. Vi har respekt for at fleirtalet av innbyggjarane i dag ynskjer å halde fram i Stranda kommune, men har også lagt merke til at i aldersgruppa 16 – 29 år er der eit fleirtal for Fjord kommune. Nye Fjord kommune vil kunne ha kapasitet til å yte velferdstenester som vil vere lettare tilgjengelege for innbyggjarane i Liabygda krins.

#### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Stordal kommunestyre sluttar seg til den fråsegna om grensejustering Liabygda som går fram av saksutgreiinga.

#### **Behandling i KS-møte 14.02.18:**

*Fellesframlegg til vedtak framsett i møtet:*

*«Stordal kommunestyre sluttar seg til den fråsegna om grensejustering som går fram av saksutgreiinga og dei innspela som kom fram i debatten.»*

*Fellesframlegg til vedtak samrøystes vedteke.*

#### **KS-009/18 VEDTAK:**

Stordal kommunestyre sluttar seg til den fråsegna om grensejustering som går fram av saksutgreiinga og dei innspela som kom fram i debatten.



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
22.02.2018	17620/2018	Ole Helge Haugen

**Saksnr**  
**U 17/18**

**Utval**  
Fylkesutvalet

**Møtedato**  
26.02.2018

## Høyring - grensejusteringar i Møre og Romsdal

### Bakgrunn

Fylkesmannen har fått i oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) å utgreie fem grensejusteringar i Møre og Romsdal:

- Gjemnes kommune - Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem til Molde
- Ørsta kommune - Bjørke og Viddal til Volda kommune
- Stranda kommune - Liabygda til Fjord kommune
- Sandøy kommune - Sandøy, Ona, Orten, Gåsøya, Seterøya og Lyngværet til Aukra kommune
- Norddal kommune- Norddal og Eidsdal til Stranda kommune.

Det er eit omfattande grunnlagsmateriale i den enkelte grensejusteringssaka som ein kan finne på fylkesmannen si nettside:

<https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kommunal-styring/Ny-kommune-2020/Grensejusteringar/>

Grensejusteringane varierer nokså mykje både når det gjeld folketal, del av samla folketal i kommunen og geografisk omfang.

Kommune	Folketal kommune	Grensejustering	Folketal aktuelt område	Grensejustering - Del av befolkning	
Gjemnes	2 611	Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem	661	25,3 %	
Ørsta	10 744	Bjørke og Viddal	115	1,1 %	
Stranda	4 623	Liabygda	220	4,8 %	
Sandøy	1 246	Sandøy, Ona, Orten, Gåsøya, Seterøya og Lyngværet	67	5,4 % (0,1 %)	Sandøy blir frå 2020 ein del av «nye» Ålesund med eit folketal nærare 70 000
Norddal	1 663	Norddal og Eidsdal	488	29,3 % (19,5 %)	Norddal blir frå 2020 ein del av Fjord kommune med eit folketal på om lag 2 500

Møre og Romsdal fylkeskommune er bedne om å gje uttale til ei eventuell grensejustering sett ut i frå eit regionalt perspektiv.

### **Vurdering**

Fylkeskommunen er ikkje bedne om å uttale seg for eller mot dei ulike grensjusteringane, men om, og i tilfelle kva dei regionale verknadane kan vere. Fylkesrådmannen vel å legge fram alle grensejusteringane i ei samla sak. Fagavdelingane i fylkeskommunen har, i tråd med § 9 i inndelingslova, gitt generelle innspel til fylkesmannen si saksførebuing når det gjeld verkander av grensejusteringar på dei ulike fagområda. Dette er innspel som i hovudsak ikkje er knytt opp mot konkrete grensejusteringar, men er av generell karakter.

### **2.1 Plan- og analyse**

Kommunale grensejusteringar internt i Møre og Romsdal vil ikkje påverke tenestetilbodet relatert til plan, planfagleg rettleiing og tilbodet om statistikk- og analysehjelp til kommunane.

### **2.2 Utdanning**

Grensejusteringar internt i Møre og Romsdal vil ikkje ha betydning for skoletilbodet eller skulestrukturen. Fritt skuleval og at det gjeld få elevar er grunnen til det.

### **2.3 Tannhelse**

Pasientar i Øye/Heggem, Fagerli, Flemma og Angvik vil framleis bli behandla ved DTK Batnfjord, med atterhald om utfordringar knytt til pasientdata.

Grensejusteringa relatert til Bjørke og Viddalen vil ikkje føre til noen konsekvensar då pasientane allereie brukar Distriktstannklinikk (DTK) Volda.

Grensejusteringa relatert til Liabygda vil ikkje føre til nokre konsekvensar då pasientane allereie brukar DTK Valldal.

Grensejusteringa relatert til Orten, Sandøy og Ona/Husøy kan gje ei utfordring med pasientjournalssystemet OPUS, men det må kunne løysast. Pasientane vil ikkje bli flytta til Aukra for behandling.

### **2.4 Samferdsel**

#### **2.4.1 Veg**

Grensejusteringar internt i fylket vil ikkje ha nokon konsekvens for brukarane av vegen.

#### **2.4.2 Kollektivtrafikk**

Grensejusteringar internt i fylke kan få ein konsekvens. Rutepakkane er i dag strukturert slik at dei i hovudsak følg kommunegrensene. Grensejusteringar fører til endra kommunesenter for innbygarane, og det kan medføre at det ikkje går kollektivtrafikk til dømes til rådhuset i kommunen. Dette kan igjen føre til endra behov i kollektivtrafikken, noko som kan medføre endring i kollektivproduksjonen. Endring i produksjon kan føre til økt vognbehov. Behov for meir materiell enn definert i kontraktane kan bli kostnadskrevjande for fylkeskommunen.

#### **2.4.3 Skoleskyss**

Grensejusteringar internt i fylke kan få ein konsekvens. Elevar ved private skolar vil få ein utvida skyssrett om dei bur i ein stor kommune. Skyssretten er avgrensa til å gjelde heimkommunen, og store kommunar vil gi fylkeskommunen økonomisk ansvar for lenger strekning med skoleskyss.

I grunnkrinsen Liabygda er det ei eventuell endring i den kommunale skulestrukturen som kan medføre behov for ekstra rute. Dette er uavhengig av kva kommune dei vel å høyre til i.

#### 2.4.4 Drosje

Nokre av grensejusteringane internt i Møre og Romsdal vil føre til små justeringar i høve løyvegrensene for drosjane i kommunane.

2.4.5 Tilrettelagt transport for funksjonshemma (TT-ordninga)  
Ingen store endringar når ved grensejusteringar internt i fylket.

### 2.5 Regional- og næringsavdelinga

Konsekvens for tenestetilbodet frå regional- og næringsavdelinga.

#### 2.5.1 Kommunale næringsfond og hoppid.no

I den grad det vert flytta mange personar ved grensejusteringar internt i fylket, vil fordeling av kommunale næringsfond verte påverka. Noko av beløpet vert fordelt etter innbyggartal i kommunane.

#### 2.5.2 Distriktsområde

Nokre av desse grensejusteringane medfører at grunnkretsar vil flytte frå kommunar i distriktsområdet (sone 3) til sone 1 eller sone 2. Kva sone kommunen er i, har betydning for kva type støtte ein kan få frå fylkeskommunen og kva støtte bedriftene kan få frå Innovasjon Norge. Sonene gjeld til og med juli 2021, om grensejusteringane vil «overstyre» denne soneinndelinga er mindre truleg.

#### 2.5.3 Vassforvaltning

Interne grensejusteringar vil ikkje ha konsekvensar for den tenesta fylkeskommunen tilbyr. Men kommunane må kartlegge dei vassdraga som skifter kommune.

#### 2.5.4 Akvakultur

Interne grensejusteringar i fylket vil ikkje ha konsekvensar for akvakulturforvaltninga til fylkeskommunen.

### 2.6 Kultur

#### 2.6.1 Kulturvernseksjonen

Grensejusteringar vil føre til ei utfordring i samband med arkivsituasjonen relatert til fagelta kulturminne og arkeologi. Det vil derfor vere viktig å legge ein plan for korleis dette praktisk kan løysast. Erfaringa frå til dømes grensejusteringa mellom kommunane Vanylven og Sande er relevant.

#### 2.6.2 Seksjon Folkehelse og fysisk aktivitet

Når det gjelder morotur.no, må vi gjere nokre praktiske endringar når nye kart teiknast. Kommunereforma og grensejusteringar vil føre til endringar i anleggsdekninga i dei ulike kommunane. Anleggsdekninga leggst til grunn for prioriteringane av spelemiddel. Det er mange anlegg i fylket, og arbeidet med kartlegginga har ikkje starta enda.

### 2.6.3 Kulturformidlingsseksjonen

Seksjonen drifter den kulturelle skolesekken i kommunane i fylket. Interne grensejusteringar endrar ikkje organiseringa av turneane i stor grad, men det vil vere behov for reorganisering internt hos oss.

Det må opprettast dialog med kommunekontaktane om endringar og samordning. Det vil bli fleire arbeidsoppgåver for kommunekontaktane i overgangen, men det vil normalisere seg etter kvart.

### 2.6.4 Fylkesbiblioteket

Truleg ingen konsekvensar.

Fylkesrådmannen vurderer verknadane av grensejusteringar internt i fylket på fylkeskommunen sine tenesteområde isolert sett til ikkje å vere av ein slik karakter eller omfang at det bør tillegast stor vekt i vurderingane.

Fylkesrådmannen vurderer at det ikkje er naturleg for fylkeskommunen å uttale seg om mindre grensjusteringar som ikkje har verknader utover det området justeringa omfattar.

Det er likevel slik at søknadane for Gjemnes og Norddal er av ein slikt omfang at det kan få verknader for «restkommunen». Særleg Gjemnes kommune har gitt uttrykk for at ei eventuell overflytting av Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem til Molde gjer framtida for resten av Gjemnes som eigen kommune usikker. Fylkesrådmannen har ikkje grunnlag for å vurdere realitetane i dette, og meiner det er nødvendig å bruke noko meir tid og ressursar for å utgreie dette.

Prinsippet om at alle som vert påverka av ei avgjerd bør få uttale seg bør føljast i slike saker. Dette kan til dømes gjerast ved at innbyggjarane i heile kommunen vert omfatta av ein innbyggjarhøyring. Det bør før ei slik høyring avklarast kva alternativ som er moglege utfall. Det er fylkesrådmannen si vurdering at i tilfelle der grensejusteringa har/kan ha verknader utover det området det vert søkt for, må kommunestyret si uttale i saka vege tungt. Dette krev at kommunestyret har tilgang til resultatata frå innbyggjarhøyringa brote ned på krets/grend i ein slik grad at ein kan danne seg eit bilde av haldningane i alle deler av kommunen.

Fylkesrådmannen vurderer det slik at særleg grensejusteringa i Gjemnes kommune har potensiale til å gje regionale verknader ved at «balansen» mellom bykommunane kan vert endra. Saka, slik den no ligg føre, er ikkje tilstrekkeleg utgreia til å ta stilling til moglege utfall av denne grensejusteringa.

For Stranda/Norddal er situasjonen noko meir komplisert då det er to søknader som påverkar kvarandre i høve til endeleg folketal i kommunane etter ei eventuell grensejustering. Sakene i Norddal og Gjemnes er etter fylkesrådmannen si vurdering i grenseland for å bli behandla som grensejustering og ikkje som deling.

Det er vanskeleg å fastslå direkte regionale verknader av dei omsøkte grensejusteringane, noko som gjer at fylkesrådmannen ikkje finn det naturleg at fylkeskommunen peikar på konkrete løysingar i desse sakene no. For grensejusteringa i Gjemnes meiner fylkesrådmannen at moglege konsekvensar for resten av kommunen, og regionen, ikkje er tilstrekkeleg utgreia, og at ein dermed ikkje kan ta stilling til eventuelle regionale konsekvensar.

### **Forslag til vedtak:**

1. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal ser ikkje at grensejusteringane fylkesmannen har til behandling, med mogleg unntak for Gjemnes, har regionale verknader av eit slikt omfang at det er naturleg for fylkeskommunen å gje uttale i den enkelte sak.
2. Fylkesutvalet meiner at grensejusteringar med potensielt store verknader for «restkommunen» og regionen bør få eit breiare beslutningsgrunnlag enn mindre justeringar. Her bør innbyggjarane i heile kommunen høyrast og kommunestyret si uttale må leggast stor vekt på i den vidare behandlinga.
3. Fylkesutvalet for sin del meiner det trengs ytterlegare utgreiingar knytt til grensejusteringa i Gjemnes. Her er det frå kommunen si side gitt uttrykk for at ei eventuell overflytting av Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem til Molde gjer framtida for resten av Gjemnes som eigen kommune usikker.

### **Behandling i Fylkesutvalet - 26.02.2018**

Torgeir Dahl (H) fremma spørsmål om sin habilitet som ordførar i Molde kommune og leiar i fellesnemnda, og gjekk frå møtet under røystinga.

Eva Vinje Aurdal (AP) fremma spørsmål om sin habilitet som ordførar i Ålesund kommune og leiar i fellesnemnda og gjekk frå møtet under røystinga.

Sidsel Rykhus (AP) fremma spørsmål om sin habilitet som varaordførar i Molde kommune og medlem i fellesnemnda. Ho gjekk frå møtet under røystinga.

Randi Walderhaug Frisvoll (KRF) fremma spørsmål om sin habilitet som varaordførar i Haram kommune og medlem i fellesnemnda. Ho gjekk frå møtet under røystinga.

Margareth Hoff Berg (FRP) fremma spørsmål om sin habilitet som medlem i fellesnemnda for Nye Molde kommune og gjekk frå møtet under røystinga.

Frank Sve (FRP) fremma spørsmål om sin habilitet som medlem i formannskapet i Stranda kommune og gjekk frå møtet under røystinga.

7 voterande.

Frank Sve vart samrøystes kjend habil. 8 voterande.

Eva Vinje Aurdal vart kjend habil med 5 røyster (AP, 1H FRP 1 V). 3 røysta imot (1V, UAVH, SP).

Torgeir Dahl vart kjend habil med 5 røyster (AP, 1H FRP 1 V). 3 røysta imot (1V, UAVH, SP).

Margareth Hoff Berg vart kjend habil med 5 røyster (AP, 1H, FRP, 1 V). 3 røysta imot (1V, UAVH, SP).

Randi Walderhaug Frisvoll vart kjend habil med 5 røyster (AP, 1H, FRP, 1 V). 3 røysta imot (1V, UAVH, SP).

Sidsel Rykhus vart kjend habil med 5 røyster (AP, 1H, FRP, 1 V). 3 røysta imot (1V, UAVH, SP).

Eva Vinje Aurdal, Torgeir Dahl, Margareth Hoff Berg, Randi Walderhaug Frisvoll og Sidsel Rykhus tok sete. 13 voterande.

Torgeir Dahl ba om fritak etter kommunelova § 40, nr 4, på bakgrunn av sin rolle som ordførar i Molde kommune og gjekk frå under røystinga. 12 voterande.

Torgeir Dahl fekk samrøystes innvilga fritak etter kommunelova § 40, nr 4.

12 voterande.

Kristin Marie Sørheim (SP) fremma på vegner av seg sjølv, Mette Belden (UAVH), Gunn Berit Gjerde (V) og Iver Nordseth (V):

- «1. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal ser ikkje at grensejusteringane fylkesmannen har til behandling, med unntak for Gjemnes og Norddal, har regionale verknader av eit slikt omfang at det er naturleg for fylkeskommunen å gje uttale i den enkelte sak.
2. Fylkesutvalet meiner at grensejusteringar med potensielt store verknader for «restkommunen» og regionen bør få eit breiare beslutningsgrunnlag enn mindre justeringar. Her må innbyggjarundersøkinga offentleggjerast på grunnkrinsnivå og kommunestyret si uttale må leggast stor vekt på i den vidare behandlinga.
3. Fylkesutvalet for sin del meiner at dei omsøkte grensejusteringane i Norddal og Gjemnes representerer ei deling av kommunane og difor må behandlast av Stortinget. Deling av kommunane gjer framtida til Gjemnes og Fjord kommune usikker og er i strid med nyleg fatta Stortingsvedtak i kommunereforma for desse kommunane. Fylkesutvalet vil for sin del ikkje tilrå ei grensejustering eller deling av Gjemnes og Norddal kommune.»

Charles Tøsse (H) fremma på vegner av seg sjølv, Frank Sve (FRP) og Margareth Hoff Berg (FRP) følgjande forslag:

«Fylkesutvalet i Møre og Romsdal ser ikkje at grensejusteringane fylkesmannen har til behandling har regionale verknader av eit slikt omfang at det er naturleg for fylkeskommunen å gje uttale i den enkelte sak.»

Per Vidar Kjølmoen (AP) fremma følgjande endringsforslag:

«Pkt 3 i innstillinga strykes.»

Kristin Marie Sørheim (SP) fremma forslag om å dele opp punkt 3 i tidlegare innsendt forslag til nye punkt 3 og 4 slik:

- «3. Fylkesutvalet for sin del meiner at dei omsøkte grensejusteringane i Norddal og Gjemnes representerer ei deling av kommunane og difor må behandlast av Stortinget.
4. Deling av kommunane gjer framtida til Gjemnes og Fjord kommune usikker og er i strid med nyleg fatta Stortingsvedtak i kommunereforma for desse kommunane. Fylkesutvalet vil for sin del ikkje tilrå ei grensejustering eller deling av Gjemnes og Norddal kommune.»

Per Vidar Kjølmoen trekte forslaget sitt.

**Votering:**

Tilrådinga frå fylkesrådmannen fekk 0 røyster og fall.

Det vart votert alternativ over forslaget frå Charles Tøsse og punkt 1-3 i forslaget frå Kristin Marie Sørheim med fleire. Punkt 1-3 i forslaget frå Kristin Marie Sørheim med fleire fekk 8 røyster og vart vedteke. 4 røysta for forslaget frå Charles Tøsse (1H, 1AP, FRP).

Punkt 4 i forslaget frå Kristin Marie Sørheim med fleire fekk 4 røyster og fall (UAVH, V, SP)

**Vedtak i Fylkesutvalet - 26.02.2018**

1. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal ser ikkje at grensejusteringane fylkesmannen har til behandling, med unntak for Gjemnes og Norddal, har regionale verknader av eit slikt omfang at det er naturleg for fylkeskommunen å gje uttale i den enkelte sak.
2. Fylkesutvalet meiner at grensejusteringar med potensielt store verknader for «restkommunen» og regionen bør få eit breiare beslutningsgrunnlag enn mindre justeringar. Her må innbyggjarundersøkinga offentleggjerast på grunnkrinsnivå og kommunestyret si uttale må leggast stor vekt på i den vidare behandlinga.
3. Fylkesutvalet for sin del meiner at dei omsøkte grensejusteringane i Norddal og Gjemnes representerer ei deling av kommunane og difor må behandlast av Stortinget.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

Ole Helge Haugen  
fylkesplansjef



Kartverket

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL  
Postboks 25206404 MOLDE  
Norge

Deres ref.:

Vår ref.

Dato:

Sak/dok.: 17/55385-4

01.03.2018

Ark.: 326.33

## Høyringsvar kommunegrensejustering mellom Stranda og Fjord kommunar ved Liabygda

I brev av 6. februar 2018 ber Fylkesmannen i Møre og Romsdal om Kartverket sin vurdering av kvaliteten på grunnkringsgrensene som er foreslått som grunnlag for ny kommunegrense mellom Stranda kommune og nye Fjord kommune. Det er Liabygda grunnkrins i Stranda kommune som er foreslått overført til Stordal kommune, som frå 1.1.2020 blir slegne saman med Norddal kommune.

Den eksisterande grunnkringsgrensa er berre omtrentleg innlagd i høve til midtlineprinsippet, og treng difor ei mindre justering. Heile den nye grensa vert liggjande i sjøen. Det er naudsynt med berre to heilt nye knekkpunkt i sjøen, og desse er plasserte etter midtlineprinsippet:

Nord	Aust	Punktnummer	Merknad
6912270	393430	1	Nytt punkt
6909080	395720	2	Nytt punkt

Koordinatane er oppgjevne i koordinatsystem Euref89 UTM sone 32.

Med venleg helsing

Carina Tolpinrud Jøntvedt

Dokumentet sendast utan underskrift. Det er godkjende i samband med interne rutinar.

Vedlegg: Kommunegrenseforslag i sjø

Vedlegg til høyringsvar til kommunrengsejustering mellom Stranda og Fjord kommunar ved Liabygda. Kommunegrensforslag i sjø.



Grensforslag i rødt, grunnkringsreiser i blått.